



Nærare 30 var med på slektstreffet i Skårhaug tysdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Dette er som å komma heim, sa Beryl (68) frå Toronto i Kanada til uskedalen.no då ho møtte slekta i Uskedalen tysdag kveld. Med Brit Tove Mussland og Målfrid Eltvik som vertskap vart det arrangert eit improvisert, men triveleg slektstreff for Beryl og mannen hennar, David Rasmussen.**

Det kom slektningar både frå Tynset, Bergen og Skudesneshavn. Medan ho har sine røter i Uskedalen og Porsgrunn, var foreldra til David danskar.

Dette er sjette gongen Beryl er "heime" i den bygda faren hennar reiste frå i 1930. Denne gongen har dei sett av ein måned til Noregsopphaldet og høgdepunkta blir 10 dagar i Uskedalen og reise med hurtigruta frå Bergen til Kirkenes og attende!

Faren til Beryl, Bertel Myklebust Stuland (1899/1959) var eldst av ni søsken på Sanden og den einaste av dei som sette kursen over havet. Men eigentleg tenkte han kanskje ikkje på å emigrera?

- Han var politimann i Bergen og reiste for å gå på eit kurs i New York. Kvifor han droppa polityrket og reiste vidare til Toronto fortalde han meg aldri, og resten av sitt berre 60 år lange liv var han husmålar, fortel Beryl.

Bertel vart gift med Alvilde Venheim frå Porsgrunn. Familien vart buande i Toronto og Beryl har budd der heile livet. Ho har sett ein by med 100.000 innbyggjarar eksplodera og bli til ein metropol med tre millionar etter ei enorm innvandring, ikkje minst dei siste 15 åra. Det starta med italienerane og seinare har dei nye landsmenn ikkje minst kome frå India og Somalia.

Beryl har vore spesial.- lærar og er framleis vikar to dagar i veka ved fire-fem skular sjølv om ho eigentleg er pensjonist,

I Uskedalen og heller ikkje i Noreg har det skjedd noko tilsvarande som innvandringa til Kanada, men skilnaden er likevel stor frå den gongen Beryl var her saman med mora frå juli til oktober i 1951. Då dei kom hit hadde dei vore i Porsgrunn sidan april i 1950 og Beryl hadde gått på skulen der. Det gjorde ho ikkje i Uskedalen.

- Trivdes du her som 12-åring?

- Jau, eg hadde ei fin tid og tykte ikkje minst at det var morosamt å ha så mange slektningar rundt meg. Men eg såg likevel fram til å skulle reise attende og treffa far.

- Kva hugsar du best frå Uskedalen anno 1951?

- Eg hugsar ikkje minst at tante Einfrid lånte meg sykkelen sin og at eg lærte å sykla her. Og eg sykla til gagns – også opp heile dalen på ein dårleg grusveg. Det var herleg å trilla ned att. Så var eg med og sette poteter og tok dei opp att og plukka bær og morellar. Eg hadde inga oppleving av at Noreg var fattig etter krigen. Vi mangla ikkje noko på Sanden.

- Korleis har Noreg endra seg gjennom dei 50 åra som har gått?

- Norge har nok vore flinkare enn Kanada til å ta vare på landet sitt og ikkje minst på busetnaden. Eg tenkjer til dømes på bygging av høghus og utflytting frå landsbygda. Men ellers er jo ikkje kanadiarar og nordmenn så ulike.

Nordmenn er venlege, snille og blide folk.

Og så er dei heimekjære – dei kjem til dømes heim att til Uskedalen når det er feriel!

Av Ola Matti Mathisen



Beryl og David skal bu 10 dagar i Uskedalen denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)